



**Undersøking av naturtypar, fugl og raudlisteartar
i og ved planlagt masseuttak ved Furneset i
Vestnes kommune.**

FAUNAFOKUS AS Notat 2022 : 7

Av Oddvar Olsen. FAUNAFOKUS AS. Volda 15.09.22

<p>Utførende institusjon: FAUNAFOKUS AS</p>	<p>Prosjektansvarleg: Oddvar Olsen</p>
<p>Oppdragsgjevar: Tomra Maskin AS</p>	<p>Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Erik Ludvigsen</p>
<p>Referanse: Olsen, O. 2022. Undersøking av naturtypar, fugl og raudlisteartar i og ved planlagt masseuttak ved Furneset i Vestnes kommune. FAUNAFOKUS Notat 2022: 7. 19 s.</p>	
<p>Referat: Det er planar om utviding av eksisterande masseuttak ved Furneset i Vestnes kommune. I samband med dette vil Statsforvaltaren ha ei kartlegging av naturtyper, fugl og raudlisteartar. Med grunnlag i eksisterande kunnskap og ny undersøking i området vår/sommar 2022, er naturtyper og raudlisteartar undersøkt og fuglelivet kartlagt.</p>	

Figur 1 viser flyfoto frå 2020. (<https://kart.finn.no/>) Ein del av skogen på vestsida av massetakket som vises på flyfotoet, var hogd før undersøkelsen vår/sommar 2022.

Innhald

Innhald	3
1. Innleiing	4
2. Metode	6
3. Observasjonar	8
3.1 Eldre observasjonar i Artskart	8
3.2 Resultat av undersøkinga	13
3.3 Konklusjon	15
4. Avbøtande tiltak og oppfølgande undersøkelser.	18
5. Kjelder	19
6. Undersøking 2023	20

1. Innleiing

Ved Furneset i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke er det planlagt å utvide masseuttaket i eit område vest for eksisterande masseuttak. I den forbindelse vil Statsforvaltaren ha ei undersøking som viser naturtyper og eventuelle raudlisteartar samt fugl og rovfugl sin bruk av området. I planområdet er det ei avgrensing i Naturbase; Rik edellauvskog, og ei verdivurdering av naturtypen etter nye faktaark skal gjerast. (Sjå side 10 og 16.)

Det føreligg ein kjend hekkelokalitet av hubro raudlista som EN og ein kjend spelplass for orrfugl. I Artskart er der også ei registrering av nordflaggermus raudlista som VU.

Tomra Maskin AS starta i 1995 uttak av byggeråstoffer i området ved Furnes fergekai etter ein tillatelse gitt av Vestnes bygningsråd. Ein reguleringsplan skal no sikre råstofftilgang for vidare drift.

Arealet søkt regulert til råstoffutvinning omfattar ca. 142 daa.

Kunnskap om utbygginga baserer seg på opplysningar motteke frå oppdragsgjevar.

Vi rettar ein takk til kontaktperson for Tomra Maskin AS, ved Erik Ludvigsen, for generell informasjon og svar på spørsmål kring utbygginga.

Figur under:

Innanfor utvinningsområdet viser med grønt eit område kartlagt som naturtypen Rik edellauvskog. Tynn svart stiplet linje er grensa for dagens drift. Endelig bruddgrense er vist med fiolett strek.



Figur 2. Område påvirket av planen.



Figur 3. Kart over det aktuelle området, med svart firkant som markerer planområdet.

Alle foto: Oddvar Olsen

2. Metode

Det vart plassert ut 4 stk. lytteutstyr i terrenget rundt i planområdet i perioden 23 mai til 10 juni 2022. Lytteutstyret er av typen Song Meter Mini, som er mykje brukt i kartlegging av fugl i Norge.



Figur 4 viser lytteutstyret som vart brukt.

Undersøkinga er konsentrert om raudlista fugleartar, med fokus på hønehauk (VU). Hønehaukrop vil ein kunne få inn på lytteutstyret i ein radius på omlag 500 meter. I tillegg vart alle andre fuglelydar på opptaka også bestemt og notert for å gi eit inntrykk av fuglane sin bruk av området og om der kunne være raudlista fugleartar i området.

Undersøkinga kom for seint i gang for å fange opp eventuell spelplass for orre, rop frå hubro eller eventuelle andre ugler. Beste tida for å fange opp lyd av desse artane er i februar/mars/april.

Under utsetting og innhenting av lytteutstyr, vart området kartlagd og det vart sett etter raudlista (og framande) artar av planter, lav og mose, samt naturtyper.

Raudlistekategorier:

Regionalt utdødd – RE

Kritisk truet – CR

Sterkt truet – EN

Sårbar – VU

Nær truet – NT

Datamangel – DD

Kategorier over framande artar:

Svært høy risiko - SE

Høy risiko – Hi

Potensielt høy risiko - PH

Lav risiko – LO

3. Observasjonar

3.1 Eldre observasjonar i Artskart

Raudlista artar:

I Artskart er det nokre observasjonar av raudlista artar. Om vi tek ein sirkel på om lag 1 km ut frå planområdet, så er der 15 raudlista artar observert i området. 10 fugleartar, 1 pattedyrart og 4 lavartar. Av framande artar er der 2 artar.

NT	tjeld	VU	nordflaggermus
NT	rødstilk		
NT	teist	NT	kystdoggnål
NT	gråspurv	NT	gul pærelav
VU	ærfugl	NT	hasselrurlav
VU	gråmåke	VU	appelsinstrek
VU	fiskemåke		
VU	grønfinnk	SE	ugrasmjølke
EN	makrellterne	SE	hagelupin
EN	krykkje		

Fuglar

Tjeld og rødstilk er vadarar tilknytt sjø/våtmark og i planområdet er ingen hekkeplass for desse.

Teist, ærfugl, gråmåke, fiskemåke, makrellterne og krykkje er alle tilknytt sjøen og i planområdet er ingen hekkeplass for desse.

Gråspurv er oftast knytta til kulturlandskap og bygningar der den hekkar i holrom eller i fuglekasser. Det er ikkje sannsynleg at denne arten kan hekke i området.

Grønfinnk er einaste raudlista fuglearten registrert i Artskart som kan tenkast å hekke i området. Den bygg reira sine i buskar og trær. Arten vart både haurt på befaringsdagen og registrert på lytteutstyr.

Pattedyr

Nordflaggermus brukar ofte skog og skogkantar som jaktområde. Dagleieplassar er gjerne bygningar eller holer/sprekker i fjell eller trær. Osper har vist seg å være eit viktig treslag for flaggermus fordi mange spetter vel dette treslaget for å hakke ut reirhol. Det vart observert osp i området, men ingen reirhol eller sprekker. Planområdet kan godt være jaktområde for denne arten, men truleg ikkje verdifull med tanke på dagleieplassar eller yngleområde. Prikken i Artskart ligg i sjøen utanfor ferjekaia og registreringspunktet er unøyaktig.

Lav

Kystdoggnål og appelsinstrek er begge funne om lag ein km vest for planområdet, begge er funne på gammal bjørk.

Hasslurlav er funne på hassel om lag ein km vest for planområdet.

Gul pærelav er funne på hassel like utanfor eksisterande masseuttak og blir berørt av utbygginga.

Framande artar:

I Artskart er det observasjonar av 2 framande planteartar, begge SE (Svært høy risiko).

Ugrasmjølke

Denne arten spreier seg med frø som lett blir ført med vind.

Hagelupin

Denne arten spreier seg med ganske tunge frø som ikkje vinden spreier så langt, men arten spreier seg også med bitar av jordstengler.

Naturtyper:

I Naturbase er der avgrensa eit område med Rik edellauvskog og er vist i figur under med grøn strek.

Områdenavn: Furnes: Brendsdalen

ID: BN00038781

Naturtype: Rik edellauvskog

Registreringsdato: 04.05.2007

Verdi: Viktig.



Figur 5 viser avgrensing av Rik edellauvskog med grønt strek. Raud ring viser forekomsten av hassel.

Om lag ein tredel av edellauvskogen er allereie berørt av eksisterande masseuttak. På befaringsdagen den 23 mai gjekk vi gjennom deler av det gjenstående arealet og observerte at ein god del av hasselskogen var saga ned, uvisst av kva årsak.

I ny Raudliste for Naturtyper (2018) er Rike hasselkratt raudlista naturtype (NT).

(Sjå også Kartleggingsinstruks 2022: Kartlegging av terrestriske naturtyper etter NiN2. Veileder side 169: C16.1 Frisk lågurtedellauvskog)



Figur 6. Eksempel på nedkappa hasselskog.



Figur 7. Eksempel på nedkappa hasselskog. På bildet spirer både gran (til venstre) og platanlønn (nede til høyre).

I Naturbase er det i tillegg registrert ein førekomst av naturtypen Gammel boreal lauvskog om lag 500 meter nordvest for planområdet. Planane for utvida massetak vil ikkje berøre denne naturtypen negativt.


Områdenavn: Furnes: Legdene

ID: BN00038780

Naturtype: Gammel boreal lauvskog

Registreringsdato: 04.05.2007

Verdi: Viktig



Figur 8 viser dei to avgrens områda som ligg nærmast planområdet.

3.2 Resultat av undersøkinga

Lytteutstyret stod ute frå 23 mai til 10 juni 2022. (19 dagar). Det var gode forhold heile perioden. Opptakar vart stilt inn å ta opp lyd frå kl 05 om morgonen til kl 12 på formiddagen. Ein av opptakarane vart stilt inn å ta opp lyd om natta frå kl 21 om kvelden til kl 6 om morgonen. 32 forskjellige artar vart registrert.

Av raudlista artar vart det registrert 3 artar. Granmeis og grønnfink som VU og gjøk som NT.

bokfink	grønnsisik	korsnebb sp*	ringdue
dompap	grønnspepp	kråke	rødstrupe
flaggspepp	gråhegre*	løvmeis	rødvingetrost
gjerdesmett	gråsisik	løvsanger	smålom*
gjøk	hvitryggspett	munk	spettmeis
granmeis	jernspurv	måltrost	svarhvit fluesnapper
gransanger	kattugle	orrfugl	svarttrost
grønnefink	kjøttmeis	ravn	trepplerke

(*Gråhegre i flukt over. Korsnebb = gran- eller furukorsnebb. Smålom gav truleg lyd frå sjøen).


Granmeis: Fuglen hakkar ofte ut eige reirhol i rotne stubbar og tre og kan godt tenkast å hekke i/ved planområdet.

Grønnfink: Bygg reira sine i buskar og trær og kan hekke i planområdet. Arten vart både hørt på befaringsdagen og registrert på lytteutstyr.

Gauk: Legg som kjent egget sitt i andre sine reir og dei vanlegaste vertane i Norge er oppgitt å være piplerker, linerle, buskskvett og diverse sangere. (Svein Haftorn. Norges fugler.) Gauken har eit ganske stort område eller revir der den leitar etter høvelege vertsfuglar. Lydane av gauken på lytteutstyret var sterke og kom truleg innanfor området for planlagd masseuttak.

Orrfugl er ikkje raudlista, men ein bør ta omsyn til eventuelle spellassar. På to av lytteboksene vart det registrert både «orrebulder og tjoing» sjølv om det leid langt ut i mai. Lyden var ganske sterk og fuglen sat truleg 50-100 meter frå lytteboks. Undersøkelsen vart sett i gang for seint på året for å kunne seie eksakt kvar spellassen ligg. Når det lir så langt som ut i slutten av mai, sprer gjerne fuglane seg litt utover i terrenget og kan lage lyd eit godt stykke frå sjølve leiken. Det kan tenkast at her er fleire spellassar i området. Mot vest strekkjer skogsområdet seg over 5 km med vekslende mellom skog og åpnare terreng.

I Artskart er der ei registrering av tiurleik 3-4 km vest for planområdet. Registreringa er frå 1985 og under kommentar står der: «Stor leik, stort område med spillspor».




Figur 9. Lilla punkt viser plassering av lytteutstyr i mai/juni 2022 og dei to med svart ring viser plassering av dei to lytteboksane der det vart registrert orrfugl. Raudt strek viser spor den 23 mai.

Ein del av furuskogen i planområdet var hogd før undersøkinga og det er difor uvisst korleis denne skogen såg ut og kva fugleartar som var der. Lytteutstyr vart plassert ut i skogen utanfor og rundt det hogde arealet.

Undersøkinga var for sein til å kunne seie noko om ropaktivitet for hubro. Då må lytteutstyr settast ut i februar til april.

Det vart ikkje registrert lydar av hønehauk raudlista som VU eller annan rovfugl (bortsett frå kattugle) og det vart ikkje sett spor i form av ribbeplassar, fjør eller reir. Næraste registrering av hønehauk i Artskart er om lag 6 km sør for Furneset.



Figur 10. Blå strek viser spor den 23 mai og 10 juni.

Inne på eksisterande masseuttak vart det funne 3 framande artar: gyvel, hagelupin og platanlønn. Alle er i kategorien SE (Svært høy risiko).

3.3 Konklusjon.

Ein del av furuskogen i planområdet var hogd før undersøkinga vart gjort og det er difor uvisst korleis denne skogen såg ut og kva fugleartar som var der.

Fuglar

Hubro (EN):

Undersøkelsen vart starta for seint til å kunne seie noko om hubro eller andre ugler.

Ved Furneset er det ei registrering av hubro som ligg 1,1 km frå planområdet. Med så lang avstand, vil ikkje ein eventuell hubro bli berørt av desse planane. Rapportør er Alv Ottar Folkestad og hubro er ikkje registrert i området etter 1980. (Opplysningane er gamle og av erfaring er oppgitte koordinatar ofte svært unøyaktige.) I det området som vart gått gjennom under utsetting og innhenting av lytteutstyret, var der ingen

bergveggar som hubroen kunne tenkast å hekke i. Dei som arbeider i massetaket har ingen opplysningar om hubro og har ikkje høyrte hubrorop i området.

Om der skulle være hekkande hubro i området, så kunne det tenkast at ein skulle få inn lyd frå fuglane i tidsrommet lyttestyret stod ute i mai/juni. Spesielt når eit par har ungar, så tiggjar ho ganske mykje for å få hannen til å kome med mat. Om paret ikkje går til hekking, vil paret oftast være ganske tause utover vår/sommar.

Men for å kunne konkludere om hubro, må lyttestyr plasserast ut i riktig tid, som er i feb/mars/april.

Orrfugl:

Det er ein kjend spel plass i området og lyd av orrfugl vart registrert på lydopptak. Undersøkelsen vart starta for seint til å kunne seie noko eksakt om kvar spel plassen ligg. Der kan være fleire leikar, då skogsområdet strekkjer seg over 5 km vestover frå masseuttaket.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vorte kontakta for å høyre om der er opplysningar som er skjerna for offentlegheita. Der var ingen slike registreringar i nærområdet til Furneset.

Pattedyr

Nordflaggermus VU):

Området sin verdi for flaggermus er ikkje undersøkt.

Naturtyper: I det gjennomsøkte området er det furu som dominerer med mykje lyng i skogbotnen. Naturtypen er blåbærskog med ei blanding av lyngskog. På kart er der skravert 2 myrer i planområdet. På flyfoto frå 1964 og framover, viser at der har blitt grøfta og myrane drenert. Myrane er no stort sett tørre og skogsatte og i sakte gjengroing.

Rik edellauvskog: I Naturbase er der avgrensa eit område med Rik edellauvskog, verdi B-viktig. For ny verdisetting er «**Evaluering av kartleggings- og verdisettingsmetodikk for naturtyper av nasjonal forvaltningsinteresse – NNF**» brukt. Om vi estimerer at 1/3 del av det avgrensa området er tapt på grunn av masseuttaket, så står det igjen 8 daa. Dette gir fortsatt verdien viktig – B. At der under befaringa låg mykje døved etter at ein god del av hasselen har vorte kapp ned, gir ein høg verdi. At hasselen har vore kapp ned gir ikkje naturtypen mindre verdi, så lenge hasselen får vekse opp igjen. Om nokre tiår vil området framstå som før. Bilder side 11 viser klart at hasselen spirer villig.

Konklusjonen blir samla sett at verdien på naturtypen fortsatt hamnar på **Viktig – B**.

Naturtypen Rik edellauvskog/Rike hasselkratt har ein vid utbredelse frå Østlandet/Sørlandet og vidare langs kysten til Trondheimsfjorden. Her i Møre og Romsdal er naturtypen ganske vanlig.

Fleire negative påvirkningsfaktorar er nemnde:

«Nedbygging (boliger, veger, m.m.), steinbrudd og rassikring har forårsaket arealtap.» (Henta frå:) **Kartleggingsinstruks: Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2.**

Framande artar:

Det blir meir og meir fokus på å bekjempe framande artar og eit masseuttak med tilhøyrande massedeponi er svært utsett for å få inn uønska artar då der er store flater med open jord. Entreprenør bør ha ein plan for korleis ein handterer desse uønska artane.

Vurdering av usikkerheit

Registrerings- og verdiusikkerheit. Heile planområdet vart oppsøkt og vurdert med tanke på naturtyper og fugl i tillegg til søk etter raudlista artar. Undersøkinga vart noko mangelfull då ein del av furuskogen var hogd ut før utplassering av lytteutstyr. Ein vurderer likevel artsmessig dekningsgrad for dei fleste fugleartar som god i gjenstående skogsområde rundt det arealet som er hogd.

Usikkerheita gjeld to fugleartar; hubro og orrfugl. Det er også usikkert kva verdi området har for nordflaggermus.

Det er lite truleg at der er raudlista artar av planter, lav og mose i sjølve planområdet med unntak av arealet som er avgrensa i Naturbase som Rik edellauvskog. Her er det potensiale for å finne raudlista små skorpelav men ingen vart funne under befarings og gul pærelav, som vart funne der i 2007, vart ikkje gjenfunne.

Områdenavn: Furnes: Brendsdalen

ID: BN00038781

Naturtype: Rik edellauvskog

Registreringsdato: 04.05.2007

Verdi: Viktig.

4. Avbøtande tiltak og oppfølgande undersøkelser.

Avbøtande tiltak kan være å ta naturtypen som er avgrensa i Naturbase som Rik edellauvskog ut av planen eller å la ein større del av området få stå urørt.

For å ta hensyn til eventuell orreleik eller hekkande hubro i nærområdet, kan det være aktuelt at ein ikkje sprenger salver i tidsrommet 15 mars til 15 mai (for orrfugl) og 1 januar til 1 august (for hubro). Steinknusing og jamn dur av maskiner på dagtid vil trulig ikkje virke noko forstyrrende på orrfugl. Om jamn støy vil virke forstyrrende på hubro vil være avhengig av kor nær ein eventuell hekkplass er.

Entreprenør bør ha kontakt med ein biolog for å halde kontroll og bekjempelse av eventuelle framande artar som kan spreie seg i eksisterande og nytt område for massetak.

Der er ei usikkerheit om hubro EN kan være i området då denne undersøkinga kom for seint i gang for å kunne seie noko om denne arten og det same gjeld spel plass for orrfugl. Det kan være behov for oppfølgande undersøkelser både når det gjeld hubro og orrfugl. I Artskart er der ei registrering av nordflaggermus VU. Området sin verdi for flaggermus er ikkje undersøkt.

5. Kjelder

Artsdatabanken (2021, 24. november). Norsk rødliste for arter 2021.
<https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>

Artsdatabanken (2018). Fremmedartslista
2018. <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

<https://artskart.artsdatabanken.no/app/#map/623469,6911013/4/background/topo2/filter/%7B%22IncludeSubTaxonIds%22%3Atrue%2C%22Found%22%3A%5B2%5D%2C%22CenterPoints%22%3Atrue%2C%22Style%22%3A1%7D>

<https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

<https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/januar/kartleggingsinstruks-kartlegging-av-terrestriske-naturtyper-etter-nin/>

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m852/m852.pdf>


Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. -NINA Temahefte 12:1-279.

6 Undersøking 2023

På grunn av at undersøkinga i 2022 starta for seint for å få med lyd av hubro og orrfugl, vart det på nytt sett ut lyttebokser for desse to artane i 11 netter frå 11 til 22 april.

Ingen rop frå hubro vart registrert.

For orrfugl vart det i tillegg til lytteboksar, lytta manuelt om morgonen den 22 april. Dette for å kunne påvise meir nøyaktig kvar orrfuglen spelte.



3 små ringar er plassering av lytteboksar. Stor ring er omtrentleg plassering av orreleik. Der var ingen orrfugllyd nær boksane, berre svake lydar. Og ved manuell lytting morgonen den 22 april, høyrtest orrfuglen spele i nærheita av Rørhjelmyra eller Faksefjellet.

Rørhjelmyra ligg om lag 750 meter frå eksisterande bruddkant. Frå Rørhjelmyra til grensa for ny planlagd bruddkant, er det 550 meter.

Hensyn

For å ta hensyn til spelande orrfugl spesielt og anna hekkande fugl generelt, bør sprengingsarbeid unngåast på våren frå 15 mars til 15 mai.

På lyttebokser var det lyd av disse artane:


bokfink
dompap
gjerdesmett
jernsporv
kattugle
korsnebb sp (gran- eller furukorsnebb)
kråke
måltrast
orrfugl
ramn
raudstrupe
ringdue
rugde
sangsvane (i flukt)
smålom (truleg frå sjøen)
spettmeis
svartmeis
svarttrast
tjeld (frå fjøra)
trane (svake lydar, lang avstand)

Naturtypen edelauvskog i Naturbase.

ID	BN00038781
Naturtype	Rik edellauvskog
Utforming	Lågurt-hasselkratt
Verdi	Viktig
Registreringsdato	04.05.2007
Verdi begrunnelse	Verdien settes til B (viktig). Verdisettingen begrunnes i forekomsten av flere fuktighetskrevende og gammelskogstilknyttede lavarter, inkludert en rødlisteart. Også forekomsten av en del gamle ospetrær, lokalt mye hasselkratt og noe dødt trevirke tilsier en viss naturverdi.
Areal fra kartobjekt (daa)	12,5

Den 21 april kikka vi litt på grensene til naturtypen som er utfigurert i Naturbase. Noko av skogen innafor avgrensinga frå 2007 er hogd og noko areal innafor avgrensinga er tatt av steinbruddet.

Det vart gått opp ei grense med handholdt gps for å sjå kor stort areal der fortsatt er med edellauvskog (sjå kartskisse under). Gjenstående areal for edellauvskog er no om lag 8700 kvadratmeter mot 12500 kvadratmeter i 2007.



Gul linje er gjenstående areal med edellauvskog.